



Markus Adam tek seg fram på oppe hav med vasskuter. Neste sjøreis går frå Uskedalen til Shetland.

Markus Adam må seiast å vera ein spesiell gjest på Rabben Feriesenter. Markus frå Regensburg i Tyskland har kome hit på vassskuter. Det er eigentleg imponerande. Det som er endå meir imponerande, er at han vidare er på reise frå Uskedalen til Shetland; i denne vesle og opne «båten». Vind og ver i Nordsjøen avgjer kva tid han kan har avgang frå Uskedalen.

Det er ingen overbygning der han kan krypa innunder. Han må sitja i våtdrakt og elles godt kledd. Turen tar om lag 9 timar, avhengig av veret. Han går med ca 25/30 knops fart

Han har tidlegare gjort lignande turar. For 3 år sidan var han til Nordkapp. Han har planar om å gå til Færøyane og Island. Han kan ikkje sova ombord og må vera svært aktiv heile tida. Båten er godt utstyrt med satellitt-telefon og fleire GPS-ar.

Markus er gift og har 3 vaksne barn. Når han ikkje er på slike imponerande reiser, driv med utleige av husvære.

Tekst/foto: Reidar Myklebust

Nett: Kristian Bringedal